



Kamiran Hesso
Alvermarka 35
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3452 - 22/35928

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
10.05.2022

Avvist søknad om bruksendring - gbnr 137/399 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 523/22

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om bruksendring av garasje avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 25.04.2022.

Saka gjeld søknad om bruksendring av garasje til studio/leilighet.

Planstatus

Eigedomen er i reguleringsplan for Alver utmark Del av G.nr 137, planid: 1263-22011973 regulert til bustad. Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031 sine føresegner vert supplert der reguleringsplanen ikkje har einge føresegner om temaet.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Tiltaket krev bruk av ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.
- Tiltaket må stette tekniske krav (TEK17). Ved tiltak på eksisterande bygg, gjelder de same krava som for nye tiltak. Det kan søkjast om fritak frå tekniske krav, søknad må grunngjevast.
- Det må fremgå av søknaden at krav i reguleringsplan og kommunedelplan er ivare tatt. Dette gjelder mellom anna, utnyttingsgrad, parkering, krav til uteopphaldsareal, om planen opnar for to buëiningar på tomte. Lista er ikkje uttømmende.
- Det må avklarast om det må søkjast om utvida bruk av avkøyrse til Alver kommune og om tiltaket krev utvida bruk av VA-anlegg.
- Plassering nærmare enn 4 meter til nabogrense krever enten samtykke frå nabo eller søknad om dispensasjon frå avstandskravet i pbl § 29-4.
- Det må sendeast inn fasade-, snitt- og planteikningar og situasjonskart som viser tiltak. Kart og teikningar må vere målsett.
- Dersom tiltaket krev dispensasjon, må dette nabovarsles, jf. byggesaksforeskrifta SAK10 § 5-2. I tillegg må det nabovarslast på nytt dersom ny søknad om bruksendring skal sendast til kommunen.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kamiran Hesso

Alvermarka 35 5911

ALVERSUND